



Tormod saman med gode vener i Ukraina. På bedehuset 17. mai vil ein få høyre meir om møtet med desse og andre. .

**Tradisjon kan stå som ei dominerande overskrift over feiringa av 17.mai også i bygda vår og ein av dei tradisjonane som går att er festen på bedehuset.**

**Dette året startar han klokka 19.30.**

Festtalen skal haldast av multikunstnaren og uskedelingen Tor Jan Lakselv, som også har 10 års teneste i Frelsesarmeen bak seg. Kona Turid, som også har vore i Frelsesarmeen, skal lesa dikt.

Tormod Myklebust var i april i Ukraina att med eit semitrailarlass til trengande og han vil presentere ein serie med bilete både frå denne og den første turen i fjor.

- Tradisjonen til Indremisjonen med ein bedehusfest på Grunnlovsdagen strekker seg i alle fall heilt attende til siste krig.

Vi har vel ikkje all verda til program på desse festane, men oppslutnaden plar vera god.

Det er godt for uskedelingane å få slappa av og vera saman i bedehuset etter ein travel dag, seier Tormod Myklebust.

Av OLa Matti Mathisen